

# Bartimeus

Markus 10: 46-52

## Bakgrunn

Å snakke om sjuke som vert friske i Jesu namn, er kanskje ikkje det lettaste å ta opp med borna. Til denne samlinga kan det vere nyttig å kjenne litt til borna sine vanskelege opplevingar.

I forteljinga er det viktig å få fram at det er tiggaren som ber om hjelp, og at Jesus spør han: Kva vil du eg skal gjere for deg. Tiggaren får i denne forteljinga høve til å velje: kva vil han at Jesus skal gjere for han?

Jesus er han som alltid høyrer, sjølvom me ikkje alltid får det svaret me kunne ønske.

Det viktigaste er for oss alle å venda oss til Jesus og be Jesus om hjelp, same kva det skulle vere. Bøn endrar fokus.

Korleis lækjer Jesus i dag? Døme:

Medisin, samtale, og nokre gonger får me nei.

Jesus har den makta Gud har til å skape. Vi er del av Jesus sin kropp på jorda, og skal også spørje kvarandre: Kva vil du eg skal gjere for deg? Når nokon ropar kyrie! Må vi svare!

## Materiell

Dei tre kvite filtsirklane. Enkel kostyme til å dramatisere forteljinga.



Ha dei kvite filt sirklane samanrulla og klar til å rulle ut slik at dei saman dannar ein trekant. Sei: **"I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande,"** medan du legg handa på kvar av sirklane og gjentek: **"Skaparen, Frelsaren og Livgjevaren."**

Pause.

Sei: **"Det var eingong ein som som sa slike flotte ting, og gjorde slike fantastiske ting at folk berre måtte spørje: Kven er du? Det var Jesus, Han som alltid høyrer."**

"Så kom dei til Jeriko. Og då Jesus drog ut av byen saman med disiplane sine og ei stor folkemengd, sat det ein blind tiggjar attmed vegen. Han heitte Bartimeus og var son til Timeus. Då han høyrde at det var Jesus frå Nasaret som kom, sette han i å ropa: «Jesus, du Davids son, miskunna deg over meg!» Mange tala hardt til han og bad han teia, men han ropa berre endå høgare: «Du Davids son, miskunna deg over meg!» Då stogga Jesus og sa: «Rop på han!» Dei ropa på den blinde og sa til han: «Ver ved godt mot! Reis deg opp! Han kallar på deg.» Mannen kasta av seg kappa, sprang opp og kom bort til Jesus. «Kva vil du at eg skal gjera for deg?» spurde Jesus. Den blinde svara: «Rabbuni, lat meg få att synet!» Då sa Jesus til han: «Gå du! Trua di har frelst deg.» Med det same kunne han sjå, og han følgde Jesus på vegen.

**Stort er trua sitt mysterium.**

## UNDRING

*Eg undrar på kva det første Bartimeus såg var?*

*Eg undrar på om Bartimeus kjende Jesus?*

*Eg undrar på kva Bartimeus følte då folk ba han teie?*

*Eg undrar på om Jesus kan hjelpe oss?*

*Eg undrar på kva dei som ikkje vart friske tenkte då dei såg det som skjedde med Bartimeus?*